




BRATTVÅG ROTARYKLUBB

Medlemsbrev nr. 2, 2004/2005

November – desember — januar

President Endre Sandnes



Redaksjonskomité: Hjørdis Kristine Skaar, Thorleif Marken, Magne Lundemo, Rolf Haugerud

Møte 9. nov.: Sorgarbeid v/Britt Hildrestrand

Då Presidenten ferierer i Sør-Afrika, ønskte Anders alle dei 40 velkomne til møte.

Dette var eit sammøte med Inner Wheel.

Åremål:

- 3. nov.: Øyvind Haugen
- 4. nov.: Eldar Sæterøy

Hovedpost:

Britt Hildrestrand, opprinnelig Brattvågar, fortalte frå sine erfaringar med sorgarbeid blant barn og unge.

Dette arbeidet kom i stand etter initiativ frå sjukehuspresten. Britt hadde synt interesse for dette spesielle feltet tidlegare og vart med ein gong med på dette nybrotsarbeidet. Ho ønskete å gjere ein innsats for desse som i alt for ung alder miste ein av sine nærmeste og såleis får oppleve sorg og sakn på nært hold. For mange, både unge og vaksne, er dette eit vanskeleg tema å forhalde seg til. Mange treng derfor hjelp og støtte til å kome seg gjennom slike kriser, som dette ofte er.

Britt fortalte om dei ulike måtane barn og unge reagerer på i slike situasjonar og korleis dei på ulike måtar taklar sorga. Ho fortalte vidare om korleis ho i sitt daglege støtta både dei unge etterlatte og foreldra deira i desse krisesituasjonane.

Ho har etablert eit godt samarbeid med PP-tenesta, helsestøstre og skular for å iverksetje tiltak på alle aktuelle arenaer.

På sjukehuset er det til ei kvar tid etablert *sorggrupper* der dei unge kan møte andre jamaldrande som er i same situasjon og der dei i lag kan utveksle tankar og erfaringar med kvarandre. Svært mange av dei unge som kjem i ein slik situasjon i dag benytta seg av dette tilbodet. Tiltauet er eit godt utgangspunkt for å

kome seg vidare i livet etter tapet av ein av sine nærmeste.

Vi takkar Britt for eit interessant og tankjekkande foredrag og for at ho tok turen til Brattvåg for å dele sine erfaringar med oss!

ML

Møte 16. nov.: Havbeite av kamskjel v/Lars Uksnøy

Lars Uksnøy, ekte Brattvågar og eldste sonen til Inga og Knut, studerte marinbiologi ved Universitetet i Bergen der han m.a. skreiv hovedoppgåve om betydninga av hummaren si knuseklo!

Kamskjell er eit tvekjønna dyr som i ein større bestand befruktar kvarandre.

Lars sitt første møte med denne type verksemد var eit opplæringskurs i kamskjelproduksjon i 1994 der han forøvrig fekk tilskot frå Haram kommune.

Produksjonen av kamskjel går føre seg i tre fasar:

- Yngelproduksjon
- Mellomkultur
- Havbeite

Ein vellukka kamskjelproduksjon er avhengig av at alle desse tre fasane fungerer mest mogleg optimalt.

Lars har heile tida arbeidd med mellomkultur. I 1996 sette han ut 1000 yngel. Totalt har han pr i dag sett ut ca 30 000 yngel. I mellomkultur-fasen, som varer ca eit år, utviklar kamskjela seg frå 1,5 til 5 centimeter, då er dei klare for havbeite.

Yngelen vert sett ut i kasser som må ettersjåast jamnt for å få eit godt resultat. Ein av dei argaste fiendane er sjøstjerna som kan gje reint bord i ei slik kasse dersom ho slepp til.

Lars har ei overleving på ca 90 % i kassene sine.



Etter ca eit år vert kamskjela sett ut på havbeite. Då vert dei sett rett på botnen i store "innhengningar" der dei utviklar seg til fullvaksne og attraktive kamskjell.

Lars har planar om å satse stort på denne verksemda og har eit ambisjøst mål om å produsere 1,5 mill skjel i året. Det internasjonale markedet for kamskjel er stort og interessant. For den som har peng på bok og lyst til å vere med på eit "kamskjell-Klondyke" er det berre å ta kontakt med Lars ML

Møte 23. nov.: Brattvåg bygningskommune v/ Johan Mork

Brattvåg bygningskommune vart skipa allereie i 1919 av framsynte og optimistiske pionerar i bygda. Denne nyskapninga skulle få stor positiv betydning for utviklinga av Brattvåg som industristad.

Johan Mork kom til Brattvåg med si Berit i 1955 som nytilsett teknisk sjef. Olav Hellevik var ordførar i bygningskommunen den gongen. Bygda var full av utviklingsorienterte og positive innbyggjarar, men heller fattig på infrastruktur; därlege vegar, manglande kloakk-system, därleg vatn og ein därleg utstyrt brannstasjon. Sommaren i 1955 var svært varm og vassmangelen var påtakeleg. Vasskjelda var Synnalandselva. Ein begynte etterkvart å sjå på Hestevatnet som ny vasskjelde. Etter mange grunnundersøkingar og krevjande forhandlingar for å få finansane på plass stod det nye vassverket med vatn frå Hestevatnet ferdig i 1965. Johan var sjølv leiar for det private vassverket dei første 10 åra.

Johan fortalte vidare om ein av sine to store hobbyar; rypejakta. Han har heldt på som rypejeger i 50 år. Med ulike jaktkameratar har Johan i desse åra skutt mange fjellryper (skarv) og liryper, først og fremst her i fylket, men i seinare tid også i jaktterring i Trøndelag og i Sverige. Tilslekt delte Johan med ei lydhør forsamling filosofiske tankar om det å hauste av naturen, noko han i høg grad forsvarar dersom grunnlaget er til stades. Han avslutta foredraget med å lese to stykke frå Johan B. Steen: "Om rypejegerene" og



Eit kamskjelgjerde på sjøbotn—frå kamskjelproduksjonen til Lars Uksnøy

"Jegeren og hans hund". Vi gler oss til neste foredrag med Johan, då skal han fortelje meir om det unge Brattvåg og om ein annan hobby....

ML

Møte 30. nov.: Nytt frå formannskap/kommunestyre v/ Bjørn Sandnes

Nokre av mange saker som har vore til handsaming i seinare tid:

- Nye omsorgsbustadar
 - Brattvåg (14)
 - Vatne (14)
 - Longva (8)
- Riving av Røvtreithuset og Doktorbustaden for å gi plass til fleire parker-ingsplassar
- Ny kommunal barnehage i Tennfjord
- Handlingsplan for rusmiddelpolitikk
 - øl i butikk
- Nytt dekke på komm. vegar, m. a. i Fjellbu
- Sams husleige i dei komm. omsorgsbustadane
- Plan for vidare uttak av stein i Samfjorden
- Villmarksområde i Gjersetdalen – eit samarb. Mellom Grytastr. skule, Brattvåg røde kors o.a.
- Nytt drosjeløyve:
Fride Skjelten Doran
- Nye retninglinjer for brøyting av privatvegar

- Nye tak på tre ungdom-skular (m.a. Brattvåg)
 - Hovedkloakken langs Storgata skal omleggast (gassrør i traséen?)
 - Ny park.plass ved Haugstad ("Leifs plass")
 - Gass til Haram
- Intensjonsavtale om gassnett i sentrum – aktuelt m.a. for sentrumsprosjektet og den nye barneskulen
- Og mange fleire....

ML

Møte 7. des.: Fritt møte

Det var som vanleg god stemning og livleg prat rundt borda....

Møte 7. des.: Presidentens møte

Etter knapt eit halvt år i President-stolen summerte Endre opp sine inntrykk og erfaringar. Så langt har det for han personleg vore eit interessant og givande halvår og han er også godt nøgd med aktivitetane og utviklinga i klubben. Som vanleg går komitéarbeidet "på skinner" og frammoget har vore tilfredstillande, klubben er framleis blant dei fremste i distriktet på dette området...

Møte 21. des.: Julemøte Gamle juleskikkar v/Magne Lundemo

Julemøtet vart tradisjonen tru gjen-nomført med levande lys og juleaker for å prøve å setje medlemmene i førjuls-stemning.....

Hovedposten på dette julemøtet var "Gamle juleskikkar" v/Magne Lundemo.

Han tok utgangspunkt i eit radiokåseri av Brynjulf Alver med same tema. Her vert julefeiringa skildra heilt frå førkristen tid og fram til i dag. Mange av dei eldgamle og hei-denske skikkane levde langt inn på 1900-talet, spesielt ute på bygdene. Og framleis kan ein finne restar og spor etter dei gamle tradisjonane, sjølv om mykje og mangt har endra seg – det skulle berre mangle. Inni-mellan fekk vi høre songar frå Hans Rotmo si alternative juleplate "Vårres jul" – med utgangspunkt i gamle trønderske juleskikkar.

God jul! ML

Møte 4. jan.: Kina-glimt v/ Bjørn Johnsen

President Endre ønsket godt nyttår. Han omtalte flomkatastrofen i Sør-Øst Asia, og det var kommet an-modning om hjelp. Rotary har startet innsamling til de nødlidende på Shri Lanka. Guvernør Magne's brev til presidenter og klubber der han signaliserer hjelp fra Rotary gjennom Rotary Foundation. Presidenten foreslo å markere dette på 100-årsdagen, for eksempel overskudd ved en utlodning.

Paul Arne orienterte om programmet for 2. halvår. Det var bestemt 3-minutt i forkant av hovedprogrammet og dette blir fra og med neste møte, i alfabetisk rekkefølge.

Bjørn J., Vice-President Rolls Royce Brattvaag, har påbegynt 3 års tje-neste i Kina. Erna og Bjørn bor i Shanghai med 16. mill. innbyggere, derav 7,5 mill. i sentrum. Det er kalde vinter om vinteren og sommeren er fuktig med opptil 35-40° C. Til Beijing er det 1 ¾ time med fly og der er klimaet tørrere og videre mot Hong Kong er klimaet subtropisk. Bjørn skal lede Rolls Royce's akti-viteter i Kina; Strategi-action-nettverk mot kunder. Det er anlagt

en fabrikk for sammenstilling. Det er i alt ca 30 ansatte totalt, derav 4-5 norske.

Arbeidsområde: 40 verft og store rederier med ambisjoner i skipsfart og skipsbygging. Yangtse-elven er 2 km bred og har en trafikk på 30-40 skip pr minutt, opptil 100 tusen-tonnere.

Det er to hovedområde: Handelsflå-te og offshore og i tillegg ettermarked.

Produktspekter. Framdrift – propellere - manøverorganer – styremaskiner – dekksmaskiner, kan selges en-keltvis eller som pakker. Der er hard konkurranse så vel produktmessig som prismessig.

Bjørn viste tilslutt fra sin leilighet i 24. etasje, og fortalte at hans bestefar ble begravet i Shanghai i 1931. Det er Rotary-klubb i Shanghai.

RH

Møte 11. jan.: Brattvåg byg-ningskommune, del 2 v/Johan Mork

Innkommende president Anders ønsket velkommen. Fødselsdager: Arne T og Johan

Det var ingen klubbsaker og Anders ga straks ordet til Johan som holdt 2. del av sitt foredrag om arbeidet som kommuneingeniør og sin hobby fug-lehunder. Johan går meget grundig til verks. Han holder sitt foredrag etter et fullstendig manus. Referen-ten har fått dette og kan anbefale at de som er interessert spør Johan om en kopi.

Johan tok utgangspunkt i året 1965 som var et merkeår med kommunesammenslåing – ny bygningslov for hele landet – 10 år som ingenør i Brattvåg. Nå ansatt som kommuneingeniør i Haram. Han ble tilslatt i alle stillinger som loven krevet. Det var nok med *en* byråkrat i teknisk etat. Men det var utrolig mye som manglet i storkommunen Haram. Den ny vegloven ga Fylkeskommunen rett til å pålegge kommunene å vedlikeholde fylkesveiene mot refusjon. Dette fikk Haram slite med i en årekke. Et alt refundert i dag, mange år etter at fylket overtok sitt vegnett?

Johan gikk så over til å berette om *Storgata i Brattvåg*.

"I 1955 registrerte eg at Storgata var ein smal og därleg grusveg. Fleire

stader under 4 m breidde!"

Slik begynte beretningen om der omfattet arbeide som vi ser re-sultatet av i dag. Allerede i 1920 var Storgata regulert til 15 m bredde. Etter at en søknad om ombygging var avslått oppnevnte Brattvåg byg-nings-kommune et utvalg til å for-følge saken: Ordfører Trygve Rønstad, Andreas Skjelten og Johan Mork. Etter et møte med vegsjef Oppegaard kom arbeidet i gang og Johan omtalte det gode samarbeidet med de dyktige ingeniørene S. Vårdal, Erik Ødegård og Svein K. Solbjørg. Anlegget ble utført i tre parseller:

I Årsundkrysset –K. O. Alvestad

II K. O. Alvestad – Olav Otterlei

III Instevågen.

Det var Instevågen som bød på de virkelig store problemer med sterke meninger for og imot blant befolk-ningen. Parsellen ble planlagt av teknisk etat og godkjent av vegveg-vesenet og arbeidet ble i 1983 utført av Statens Vegvesen, 25 år etter at planarbeidet startet.

Min venn Sevrin.

"Eg har hatt eit utruleg interessant arbeid og vorte kjent med mange forskjellige folk." Han trakk fram arbeidet med Elektrobygget som de tidligere Rotarianerne Sevrin og Bjarne Skjelten stod for. Johan mente som vegsjefen at hjørnet Skjelt-Olebakken – Strandgata måtte av-skjæres, men Sevrin ville bygge helt fram. Det ble strid om dette, men tilslutt kom Sevrin med en tegning som viste slik det er i dag. Mange år senere traff Johan Sevrin og ble tak-ket for at han ikke ga seg på Elektro-hjørnet. Her viste Sevrin hvor stor mann han var, og Johan var glad over at Sevrin, vårt tidelegere æres-medlem, ville gi ham denne mel-dinga.

Hobby

I en slik krevende stilling er det vik-tig med hobbier, og Johan fortalte sist om ryper og rypejakt. Han beret-tet nå om en enda mer givende hob-by; fuglehunder.

Alt i 1948 opplevde han jakt med fuglehund og har siden "vært hekta på dette med fuglehunder". Johan har hatt flere typer fuglehunder. De siste årene engelsk setter, som han mener er kongen blant fuglehunde-ne. For å bli en god fuglehund kre-

langvarig og tålmodig arbeid uten medfødte egenskaper. Johan berettet meget ingående om dette. Han har i dag 2 engelsk setttere, "Prikk" og "Amov". Fugle-hundsport har hatt en rivende utvikling. I 1050-årene var de tre herfra distriktet som deltok på fuglehundprøver. I dag har MRHF ca 200 medlemmer og eget trenings terreng på Ørskogfjellet. Johan høstet fortjent applaus og anerkjennende ord fra innkommende president Anders for sitt meget interessante foredrag.

RH

Møte 25. jan.: Brattvågsenteret v/Johnny Helland

President Endre ønsket velkommen. Fødselsdager: Tove (13.01) og Leif (23.01)

Forrige møte ble avlyst da Teatret Vårt viste forestillingen Isslottet av Tarjei Vesås. Det var eit godt frammøte av Rotarianere.

Presidenten refererte brev fra nominasjonskomiteen for rotaryåret 2007-2008. Det var fire kandidater. Som guvernør for 2007-2008 ble nominert Unni Alfheim, Fosna RK. Vår kandidat, Rolv Rørhus, nådde ikke opp.

President og sekretær med ledsage re deltar i Convention 18.—20.06 i Chicago.

Presidenten minnet om nye medlemmer. Rolf Doran er invitert som observatør.

Presidenten ga så ordet til Johnny Helland: Brattvågsenteret.

"For meg er dette en drøm som nærmer seg en realitet Fra K.O. Alvestad i 89—Håpet om at det skulle bli noe ved sjøen" Slik åpnet Johnny sitt foredrag.

Senteret eies i dag 50% av Johnny Helland og Gunnar Lødøen og 50% av HEG. Ut fra Spar-Mat—RIMI—Bunnpris (Lyche, Trondheim). Apoteket var en viktig brikke for videre framgang. Hildre Fiskevegen v/daglig leder Røsvik var en positiv samarbeidspartner.

Det ble utvidelse av dagligvarer (Rimi), sko og Motebua.

I dag er senteret økt fra 1200 m² til 4000 m² og senteret er i dag nesten fyllt opp. Det er 60-70 ansatte, heltid og deltid. Brattvågsenteret vil sannsynligvis erverve hele

bygningskomplekset. Dyrøy må være i senteret, betongstasjonen flytte til Instevågen? Hittil manglende vilje. Det skal etableres et eget senterstyre og senteråpning vil bli 10. mars 2005.

Hvilken funksjon skal Brattvåg ha? Kommunen må ha et tungt sentrum. Foruten kommunal virksomhet har Brattvåg i dag industri, skoler og handel. Det er viktig å utnytte den økende aktiviteten i næringslivet. Kulturhuset og Brattvågsenteret må ha nær tilknytning. Miljøgata må fram til kulturhuset, og det må etableres flere parkeringsplasser ved kulturhuset, men det er vanskelig å få gehør. Et godt utbygd senter vil være til nytte og glede for hele kommunen.

Sjøgata må etableres nedenfor Rognes Fisk og Bruket. Turistene kommer sjøveien og **snur!**

"For videre fremgang er det meget viktig at Vinmonopolet åpner utsalg eller vin i butikk?" Slik sluttet Johnny sitt meget interessante foredrag og han ble behørig takket av presidenten og overrakt "Småkraftverk".

RH

Møte 25. jan.: Sentrumsprosjektet v/Rolf Olset

President Endre opna møtet med å ynske kveldens gjest Rolf Olset og ein ny reflektant Rolf Doran velkomne til kveldens møte.

Presidenten nyttet høve til å minne om årsfesten vår den 12. februar, og likeeins om invitasjonen frå Ålesund Øst til torskeaften fredag 25. februar på Rollonhuset.

Kveldens 3-minutt var ved Helge Austbø som reiste eit betimeleg spørsmål om korleis 3-minutt i klubben er å forstå. Skal det berre vere eit innlegg på om lag 3 minutt, og ferdig med det, eller skal det vere høve til ei kort meiningsutveksling, om emnet gjev høve til det?

Meiningane var tydelegvis delte om dette, så vi får kanskje prøve oss fram.

Kveldens hovudpost var ved sivilingeniør Rolf Olset i selskapet Rolf Olset AS frå Ålesund.

Olset fortalte først litt om selskapet som har 10-12 tilsette, og som driv vesentleg med rådgjeving,

byggearmistrasjon og prosjektleding, men også med litt taksering.

Rolf Olset AS har totalentreprisa på det store sentrumsbygget i Storgata i Brattvåg, som skal huse både sjukheim, omsorgsbustader, forretningsareal og ikkje minst kulturhus. Det var dette bygget Olset var komen for å orientere om. Olset har erfaring frå eit liknande prosjekt då Sjelavikheimen vart bygd i Ålesund for nokre år sidan.

Sentrumsprosjektet har vore eit omstridt prosjekt før det endelig kom i gang. Ein kan vel seie at det var "mange kokkar og mykje sòl", men no er råbygget langt på veg ferdig. Det blir eit stort bygg, sa Olset, på ei veldig knapp tomt, men han hadde tru på et det vil bli eit godt bygg og at det vil ta seg bra ut sjølv om det blir både høgt og stort. Totalt blir bygget på 13000 kvm golflatte. Det blir tre etasjar over nivået i Storgata og 4 etasjer under, så frå nedst i Strandgata/Bernt Hildrevegen vil det vere heile sju etasjar, men Olset meinte at ved hjelp av ymse "byggtekniske knep" så skal det ta seg pent ut.

Rett inn frå Storgata skal Coop ha 1000 kvm butikkareal, og der er også rom for fleire butikkar, kafe o. l. I etasjen over blir det sjukeheim i to etasjar med tre avdelingar a 8 rom i kvar, tils. 48 rom. I etasjane under gatenivå med utsikt mot aust blir 24 omsorgsbustader.

I underetasjane mot sør kjem kulturhusdelen, som skal omfatte storsal med 365 til 600 plassar, alt etter stolarrangement. Det skal vere kino-sal med 120 sitteplassar og tilhørende myldreareal, og også skal det vere rockeverkstad. Det skal vidare vere 60 parkeringsplassar i ei av underetasjane. Olset fortalte at isolering av kulturhusdelen mot resten av bygget har bydd på store utfordringar, men han hadde tru på at det skal la seg løyse.

Olset si entreprise er på ca 124 mill. kroner + mva. Totalt vil bygget kome på vel 200 mill. kroner inkl. mva.

Til slutt svarte Olset opplysande på mange spørsmål, og det var tydeleg at prosjektet er omfatta med stor interesse blant medlemmane, naturleg nok.

Ref.Th.M.